

Uskedelingen Jørn Øyrehagen Sunde (34) kjem i desse dagar med sit andre bok, som har titelen "Den juridiske komedien" og blir gjeve ut på Fagbokforlaget. Det er ei blanding av avhandlingar, artiklar og essays og dei er tidlegare publiserte i mange ulike samanhengar, melder Grenda.

Sunde arbeidar til dagleg på det juridiske fakultet ved Universitetet i Bergen der han underviser i rettshistorie og juridisk metode i tillegg til å skriva og forska. Han er førsteamanuensis no og reknar med å få doktorgraden i juni. Avhandlinga er levert inn.

Det er også lokale element i den nye boka: Mellom anna kan ein lesa om birkeretten på baroniet og eit klammeri på Ænes i romjula 1743. Omtrent halvparten av boka handlar om tilhøve i Kvinnherad.